



STIFTELSEN MS HAMEN EX DS TANDIK  
Postboks 4919 Nydalen  
0423 OSLO

Dato: 22.05.2018  
Vår ref.: 2017/14814-24  
Saksbehandlar: steotto  
Dykkar ref.:

## M/S Hamen - Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2018 - Underretting om vedtak

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til fartøyvern.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 24.04.2018, sak 52/18. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

### **Grunngjeving**

Fartøyet ligg på Hurum (Buskerud) og har soleis ikkje heimeadresse i Hordaland. Fartøyet har heller ikkje mesteparten av seglingstida si Hordaland, då fartøyet ikkje er i regulær drift.

### **Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*